

Valdres GK har dessverre, og ganske uforståeleg, kome i noko som må kallast ein krisesituasjon. Det er ei stor gruppe medlemmer og hyttespelarar som opplever dette og ynskjer raske endringar – før klubben «vi elsker» får ubotelege skader – både på økonomien, men også på samhaldet og kulturen.

Valdres GK har hatt ein lang periode med stabil og positiv drift og ei fantastisk utvikling av bana. Takka vere tidlegare leiarar, god økonomi, eit supert team med banemannskap og ikkje minst ein raus og positiv grunneigar. Derfor er så mange glade i og stolt av klubben!

Dessverre har dei siste åra – under det noverande styret - vore kaotiske.

Alvorlege konflikter mellom styret – og då særleg styreleiar - og administrasjonen har ført til at 2 daglege leiarar ufrivillig har forlatt klubben på kort tid.

Resultatet er kostbare sluttpakker og erstatningar og påfølgande dårleg kontroll på økonomien. Vi ser resultatet av dette på årsresultatet som er lagt frem – klubben vil gå med et voldsomt underskudd i 2025 (reelt sett 6-800 i tap) og det kunne reelt sett vore enda verre. Dette negative resultatet kjem i eit år med rekordinntekter på greenfee og medlemskontingenter – det skulle ikke skje..

Informasjonen fra styret om disse sakene har vore svært mangelfull og store, feilaktige beslutninger har blitt tatt over hovudet på medlemmane – også i konflikt med klubben sine vedtekter og retningslinjer.

Vi har nå ei alvorleg personalsak - som er stevnet for retten – hengende over oss og sjølv om dette var kjent, har vi tilsett ein ny kostbar dagleg leiar.

Planar samt budsjett for 26 er ikkje realistiske og vi kan fort havne med en ny økonomisk smell. Det ligg også ei stor, uløyst personalsak som ikkje er budsjettert, men antakeleg kan koste klubben minimum 1 mill kroner.

Pga dårlig drift og særleg disse underliggende problema, som delvis er skapt av styret, så er det også foreslått uakseptable høye økninger i både kontingenter og hyttespelerettar.

Dei siste vekene har lokale medlemmer, medlemmer med hytte i Valdres, medlemmer med hyttespelerett nøkkelpersonar i klubben, og ikkje minst baneeigar snakka saman. Saman har vi kome fram til at det må skje ei endring.

Vi har ikke lenger tillit til styret og meiner dei no må ta konsekvensene av alt som har skjedd. Det trengs andre folk i styret for å rydde opp i alle problema og rette opp i alle dei dårlege beslutningane som har pågått dei siste åra. Vi ber derfor styret om å trekke seg – og det bør dei gjere om dei er glade i klubben og setter den framfor si eiga prestisje.

Vi ønsker ikke en opprivende kamp, vi vil bare rydde opp og sikre at Valdres GK fortsetter å være ei fantastisk bane for både medlemmer, hyttespillere og greenfee-gjester i år, og i all framtid.

Forslaget vårt er følgande:

⇒ Eit interim-styre på 3 personer tek over for det sittande styret, med umiddelbar virkning:

1. Øystein Buene som leder

- har vært styreleder i klubben i mange år, kjenner til det meste i klubben og er meget kunnskapsrik innen økonomi og regnskap. Han kjenner også de fleste nøkkelfolk som klubben er avhengig av å ha et positivt samarbeid med.

2. Tom Iversen

- Medlem med hytte i Valdres. Utdanna golfpro, har vore leiar for junior- og elitesatsing i Groruddalen golfklubb, har bakgrunn som trener, i tillegg til leiarverv i Romsås il, medeigar, styremedlem og tilsett i optimal innredning og sit i arrangementskomiteen for Aurdalsåsen open.

3. Erlend Pedersen

- Lokalt medlem som brenn for Vestringsbygda og Valdres golfklubb.

Desse skal også knytte til seg ein del ressurssterke personar som elsker klubben og skal bidra for å treffe gode beslutningar.

Mandatet årsmøtet da gir interim-styret er følgende:

⇒ Sette seg inn i personalsituasjonen og kva klubben bør gjere for å sikre best mulige løysingar:

1. **Kva er den faktiske situasjonen med rettstvisten med tidlegare dagleg leiar.**
Kvifor oppstod den, kva kan den koste og korleis løyse den best muleg
2. **Hva er avtalen med vår nye daglige leder; Per Magnusson.**
3. **Finne ein veg vidare som sikrar at klubben ikkje mistar all eigenkapital.**

⇒ Sammen med regnskapsfører og revisor sette seg godt inn i regnskapet for 25 og også utarbeide realistiske planer og budsjett for 26. Også inkludert eventuelle samla kostnader for rettstvistar.

⇒ Presentere et nytt budsjett, foreslå nye, meir fornuftige satsar på kontingentar og spelerettigheter for 2026 og presentere dette på eit ekstraordinært årsmøte i løpet av april.

⇒ **Kalle inn til eit ekstraordinært årsmøte seinare i sesongen, der det kan veljast eit ordinært styre.**

Vi håper at alle medlemmer – som vil klubben vel - støtter dette forslaget!